

## VILKÅR FOR PÅMELDING TIL DANSEKURS HJÅ VOSS DANSESKULE

Ved å melde deg på kurs hjå Voss Danseskule (VDS) samtykker du til følgande vilkår:

Ved å melde deg på kurs hjå oss stadfester du at du er over 18 år eller at dine foresatte har samtykka til påmeldinga. Dersom eleven er under 18 år, står foresatte ansvarleg for påmeldinga.

Semesteret går over 18 veker og prisane som er oppgitt gjeld per semester.

Ved avmelding etter påbegynt semester betales fullpris med mindre nokon andre står på venteliste og kan overta plassen. Ein betaler i så fall berre for timane fram til og med veka avmelding er motteke. Alle nye elevar får éin gratis prøvetime. Ved avmelding før andre time treng ein ikkje betale. Etter dette er påmelding bindande. Dersom avmelding skuldast sjukdom eller skade kan det vurderast redusert pris etter søknad med vedlagt legeattest eller dokumentasjon frå foresatte.

Ved uforutsette hendingar som krev at vi ikkje kan tilby fysisk undervisning i dansesalen vert kurstimene det gjeld avholdt som digitalt kurs.

Vi forbeholder oss retten til å avlyse inntil tre undervisningstimer per kurs per semester. For avlyste timer utover dette vil det bli satt opp ekstratimer der det er mogleg, eventuelt vil det verte refundert kursavgift for timane det gjeld.

Ein får 15% familierabatt dersom to eller fleire frå samme familie/husstand går på kurs hjå oss. Familierabatten gjeld ikkje drop-in timer eller workshops.

Dersom ein går på fleire kurs får ein 5% rabatt frå andre kurset og 10% rabatt frå tredje kurset.

Rabatter kan ikkje kombinerast. For dei som både går på fleire kurs og har søsken/andre i familien som går på kurs, gjeld kun familierabatten.

Følgande regler gjeld i dansesalen:

1. Møt opp presis til timen
2. Møt alltid opp i trenings-kle og ha med vatn på flaske (saft og utesko er ikkje tillatt i dansesalen!)
3. Ha respekt for pedagogen, dei andre dansarane, og di eiga tid - gjer ditt beste og bidra til å skape eit godt dansemiljø!

Ved påmelding til kurs hjå Voss Danseskule får ein automatisk medlemskap i foreininga Venner av Voss Danseskule. Foreininga fungerer som støtteforeining for Voss Danseskule og drives på dugnad. Elever som ikkje har fylt 15 år representeres av ein fortsatt i foreininga i samband med til dømes årsmøte. Foresatte til eldre elevar kan teikne eige medlemskap om dei ønsker det. Medlemskapet gjeld for det semesteret ein går på kurs hjå VDS. Om ein ikkje melder seg på nytt kurs i neste semester vert medlemskapet oppheva.